



Referanser:
Dykker:
Vår: 14/5177 - 17/13621

Saksbehandlar:
Line Thuen Waage
line.thuen.waage@lindas.kommune.no

Dato:
06.06.2017

Referat frå styringsgruppemøte 10.mai 2017 - merknadsmøte

Deltakarar

Ståle Hauge (AP), Hogne Brunborg (AP), Kristin F. Arvidsson (SP), Bent risøy (KRF), Sæbjørg Hageberg Kjeka (KRF), Malin Knudsen (KRF), Andreas Dyngen (FRP), Anita Högquist (FRP), Thomas Larsen (H), Ingrid Fjeldsbø (H)

Dagsorden

- Møte frå kl. 9.00 – 13.00, kantina Nordhordlandshallen
- Gjennomgang av hovudtrekk i innkomne merknadar til planprogrammet hjå administrasjonen
- Diskusjon i styringsgruppa

Styringsgruppa ønskjer:

- referat frå styringsgruppemøtet som skal følgje saka vidare. Slik blir sporbarheita til kva som blir diskutert i prosessen tydeleggjort
- eit referat som får fram politiske skillelinjer
- at referatet blir sendt på høyring til alle deltarane i møtet, med ein vekes frist på å kome med tilbakemelding på innhald
- at eventuelle merknadar til referatet vil bli synleggjort i det endelige møtereferatet

1. Gjennomgang av merknader



- Høyringsperiode frå midt av november 2016 til 31. januar 2017
- 52 innspel
- 5 innspel frå statlege og regionale mynde
- 47 innspel frå private : innbyggjarar, barn, lag og organisasjonar, velforeiningar

Hovudtrekk i innspel frå offentlege mynde

- Planavgrensing
- Bustadbehovet i Knarvik
- Overordna vegnett - trafikkanalyse
- Natur- og friluftsinteresser
- Fjernverknad
- Myrområdet
- Kollektivtransport
- Parkeringsdekking
- Ny transformatorstasjon
- Effekten av kommunesamanslåing

Hovudtrekk i innspel frå private

- Forhaldet til overordna plan
- Natur- og friluftskvalitetar
- Vern vs. ikkje vern
- Utbyggingsalternativ
- Barn og unge
- Trafikale løsyngar
- Dyreliv
- Myr
- Sosial infrastruktur

2. Diskusjon

Styringsgruppa diskuterte behovet for justeringar i planprogrammet etter høyringa og før fastsetting av planprogrammet. Fem hovudtema i diskusjonen:

1. Utviding av plangrense

- Styringsgruppa er samstemt i å utvide planområdet til å inkludere krysset mot fv.57, i tråd med statens vegvesen sitt innspel. I tillegg ønskjer dei at trafikkanalysen både skal ta stilling til tålegrensa på Lonsvegen i dag og i framtida. Trafikkanalysen må også ta opp i seg trafikkauke frå planlagde utbyggingsområde i området som vil nytte Lonsvegen og kryssa ved fv 57 og E39 i framtida. Styringsgruppa vil først ta stilling til om dei ønskjer å utvide planområdet ytterligare mot E39 etter at funn frå trafikkanalysen er presentert for dei. Styringsgruppa ber om at dette blir lagt inn i planprogrammet som ein del av skildringa av kva som skal utredast.
- Styringsgruppa vert difor ikkje klar til å fastsette planprogrammet i møtet 31.mai.

2. Føremål

- Styringsgruppa meiner innhaldet i føremålet med planarbeidet er tydeleg kommunisert i planprogrammet.

3. Prosess

- Nokre i styringsgruppa seier at dei trur folk ikkje stoler på prosessen fordi det er private som skal byggje ut. Dette er kommunen sin plan, og både administrasjonen og styringsgruppa er aktiv med i prosess og planarbeid. Dette må vi vere tydelege på.
- Spesielt naturen og friluftskvalitetene i og kring Lonena er viktig for mange innbyggjarar og folk i regionen. Ein god prosess med dette planarbeidet blir difor svært viktig. Styringsgruppa ønskjer god og tilgjengeleg kommunikasjonen ut mot innbyggjarane undervegs i prosessen. Dette gjeld særleg i forhold til informasjon om kor vi er i planprosessen, og når innbyggjarar og andre kan kome med sine innspel til planarbeidet. Skal vi vurdere å ha eit eiga nettmøte? Administrasjonen vil arbeide med dette ved aktiv bruk av kommunen sin heimeside og eventuelt på sosiale medier.
- Folkemøte er ei arena mange ikkje føler seg trygg nok i til å fremja eigne meininger og synspunkt.
- Styringsgruppa ønskjer løpende orientering på arbeidet og innhaldet i analysane/rapportene undervegs i prosessen.

4. Tema i planarbeidet

- **Innsyn** er eit viktig tema for fleire i styringsgruppa. Hovudfokuset ligg på at dei ønskjer å leggje til rette for at folk framleis skal ha ein oppleving av å gå i «urørt natur», og at dei kan nytte blant anna Brekkeløypa utan direkte innsyn frå dei kommande bustadene.
- Andre i styringsgruppa meiner dette tema får for mykje fokus, og peiker på at vi har mykje anna natur i kommunen der ein kan gå utan å bli sett.
- **Vern** av våtmarksområdet vart diskutert. Nokon i styringsgruppa ønskjer å utrede foredling av dette området, medan andre ikkje vil det. Fleirtalet i styringsgruppa vil ikkje foreslå at dette vert tatt inn i planprogrammet.
- Styringsgruppa kom med tydelege signal om at dei ikkje ønskjer å plassere ein framtidig **transformatorstasjon** innanfor planområdet, slik BKK foreslår i sitt innspel til planprogrammet.
- Vidare ønskjer styringsgruppa ei utredning knytt til å legge **høgspentkablane** (132 kv) som går gjennom planområdet i kablar i bakken.

Nytt tema i planprogrammet:

- Styringsgruppa ønskjer å ha effekten av kommunesamanslåing som tema i planprogrammet, i tråd med innspel frå Fylkesmannen.

5. Utbyggingsalternativ

- Fylkesmannen i Hordaland ynksjer å ha med eit utbyggingsalternativ på 100 einingar utgreidd.
- Ikkje alle i styringsgruppa ønskjer å ta inn eit utbyggingsalternativ som er lavare enn utbyggingsalternativ for anslagsvis 800 bueiningar. Dei vil ikkje utrede urealistiske utbyggingsalternativ. Det blir påpeika at eit høgt antal bueiningar ikkje er det same som tung arealbruk.
- Nokre i styringsgruppa ønskjer å ta ut utbyggingsalternativ for anslagsvis 1500 bueiningar. Utbyggingsalternativet blir ståande i planprogrammet.
- Andre ønskjer å halde fast på utbyggingsalternativ for anslagsvis 800 og 1500 bueiningar slik det er presentert i planprogrammet.
- Fleirtalet i styringsgruppa ønskjer eit *ekstra utbyggingsalternativ* utreda (må innarbeidast i planprogrammet):

- Alternativ 3: Utbyggingsalternativ for anslagsvis 200 bueiningar i forlenging av Juvikstølen og 200 bueiningar i forlenging av Langheiane

Bestilling til Opus, konsulent

- Styringsgruppa ønskjer at Opus kjem i plan og miljø sitt utvalsmøte 31.mai og orienterer om kor langt dei har kome med trafikkanalysen, samt viser illustrasjonar/profiler på forslag til utnytting/utbygging. Då kan Opus ta utgangspunkt i presentasjonen dei holdt for blant anna utvalsleiar og ordførar 10.mars 2017.

Etter møtet

- Administrasjonen har sendt Opus ein forespurnad om dei har anledning til å orientere om kor langt dei har kome med trafikkanalysen, samt vise illustrasjonar/profiler av førebels arkitektskisser for planens ulike utbyggingsalternativ, med grunngjeving. Opus har bekrefta at dei kjem 31.mai.

Med helsing

Line Thuen Waage
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.